

KVU-utgreiinga må byggje på korrekte og relevante føresetnader – med lik handsaming av alle alternative trasear

Aust-vest-utgreiinga – utarbeidd av Statens vegvesen i 2015 – viste i nasjonal målestokk svært stor netto samfunnsnytte ved utvikling av E134 med «arm til Bergen». Den store netto samfunnsnyttan kviler på ulike faktorar. Av stor betydning er den omfattande industrien og næringslivet, og det høge innbyggjartalet, i ein region som sårt treng meir påliteleg kommunikasjon og effektiv transport.

Kommunane Ullensvang, Kvam, Samnanger og Bjørnafjorden er svært opptekne av at E134, med arm til Bergen, blir utvikla på ein slik måte at den påviste samfunnsnyttan blir ein realitet, både for stor-samfunnet og nærliggjande kommunar. Kommunane er tilfredse med at arbeidet med KVU for armen av E134 mellom Grostøl/Kløvet og Bergen er godt i gang.

Utviklinga av E134 med «arm til Bergen» vil gi store positive ringverknader for samfunnet. Der vegen kjem, vil den gi høg nytteeffekt og betre rammevilkår.

Diverre gir informasjonen om arbeidet så langt kommunane sterk grunn til uro over om utgreiinga kviler på korrekte og relevante føresetnader, med tilhøyrande risiko for at ein ikkje oppnår den samfunnsnyttan og den netto nytten som ein både på nasjonalt og lokalt plan ynskjer. Kommunane vil forsikre seg om at utgreiinga byggjer på fylgjande føresetnader:

- At **framtidsperspektivet** og effektiviteten i **Aust-vest-utgreiinga 2015** er eit tydeleg siktemål. Vegstandard, trasé og køyrehastigheit må vere i tråd med dette.
- **Felles startpunkt** for alle alternativ i aust: Grostøl/Kløvet
- **Felles endepunkt** for alle alternativ i vest: t.d. Rådal
- At **alle alternativa blir behandla likt** og berekna med **same køyrehastigheit** – til dømes 90 km/t – på heile strekket, frå **startpunkt til endepunkt** (inklusive strekk som er felles med andre prosjekt som E16 og E39).
- At ein ved samanfall av trasé med andre ikkje-realiserde vegprosjekt bereknar **kostnadsdeling** i forhold til trafikkandelen som sambandet bidreg med.
- At ein i tråd med klimamål og utfordringar med tanke på å avgrense utslepp – og for få redusert forbruket av energi slik at miljøriktig transport vert mogeleg – må favorisere framføringar som gir **kortast mogeleg køyreavstand**, og som inneber eit **minimum av stigningar**.

Ullensvang kommune

Kvam Herad

Samnanger kommune

Bjørnafjorden kommune

Roald Aga Haug
Ordførar

Torgeir Næss
Ordførar

Knut Harald Frøland
Ordførar

Trine Lindborg
Ordførar